

# HØYRINGSNOTAT FOR VEDTEKTSENDRING MED ORGANISASJONSENDRING

## SAK 6 UNDER AGENDA (FELLES FOR BEGGE MØTENE)

**Felles dokument for skogeierlaget sitt årsmøte og andelseigarmøte.**

Notatet er eit felles grunnlag for saksbehandling i skogeigarlaga sine årsmøte vedkomande omdanning/oppløysing i tillegg til sak om høyring av ALLSKOG sine vedtekter i andelseigarmøta.

### Argumentasjon og motivasjon for endringar:

1. ALLSKOG SA ønsker å ha god struktur med alle nivå organisert i samvirkeorganisasjonen.
2. Det lokale nivået skal organiserast som skogeigarlag som arbeider etter retningsliner fastsett av styret i ALLSKOG SA.
3. Demokratiet i ALLSKOG SA skal bygge på at andelseigarane sin innflytelse går gjennom organisasjonen:
  - Andelseigar
  - Valkrets
  - Årsmøte
  - Styre
4. Med rein organisering har ikkje andre lag og foreiningar nokon arena for å påverke demokratiske prosessar i ALLSKOG SA.
  - ALLSKOG SA sine vedtekne målsettingar kan gjennomførast når det er reine liner opp og ned i organisasjonen.
  - Økonomiske verkemidlar og ramevilkår kan effektivt styrast etter vedtekne mål og strategiar.
5. ALLSKOG SA og dei andre skogandelslaga operer i ein konkurranseutsett marknad. Derfor må samhaldet styrkast for å møte denne konkurransen.
  - Sterk koordinering i organisasjonen er viktig for ALLSKOG SA som næringspolitisk aktør.
  - Andelseigar må vere lojal mot eigen organisasjon, og ALLSKOG SA må vere lojal mot eigen andelseigar.



**Organisasjonsstruktur** var eitt av punkta i vedtektsutvalet sitt mandat.

Resultatet av dette finn vi i framlegget til endringar i § 10.

Andelseigarområdet vert no eit **ALLSKOG NN skogeigarlag**, slik at eit lokalt andelseigarmøte vert identisk med eit møte i dette skogeigarlaget. Dette inneber at laget vert ein lokal del av samvirkeorganisasjonen ALLSKOG SA.

Finansiering av lokalt arbeid vert kanalisert til dette laget etter nærare retningslinjer. Med dette kan vi seie at organiseringa av ALLSKOG er fullenda på den måten at ALLSKOG SA har vorte eitt, altså ein organisasjon.

Truleg vil dei fleste områda ikkje sjå noko hensikt i å oppretthalde laget i noverande form. For dei ser vi to alternativ:

1. Vedtak etter § 10 Vedtektsendringar. Vedtak i eitt årsmøte.
2. Vedtak etter § 12 Oppløysing. Vedtak i to ordinære årsmøte etter kvarandre.

Lokallaget sitt årsmøte avgjer kva prosess som skal nyttast.

**Normalvedtekter for skogeierlag seier m.a. følgjande:**

**§ 10.** *Til gyldig beslutning trenges 2/3 stemmeflertall av de fremmøtte.*

**§ 12.** *Forslag om oppløsning av skogeierlaget må vedtas i to ordinære årsmøter etter hverandre med 2/3 stemmeflertall av de fremmøtte.*

**ALLSKOG SA tilrår at årsmøtet i skogeigarlaga gjer vedtak på vilkår** når det gjeld oppløysing/omdanning/ oppretthalde laget som før. Det må skrivast inn eit vilkår for vedtaket. Vedtaket skal berre vere gyldig dersom § 10 i ALLSKOG SA sine vedtekter vert endra slik at det vert oppretta eit nytt lokalt nivå som del av samvirkeorganisasjonen.

**Tilrådingar til vedtak i skogeigarlaget, årsmøtesak 6:**

Alternativ 1, tekst i vedtaket:

*ALLSKOG SA sine vedtekter § 10 er foreslått endra slik at andelseigarområdet vert organisert som eit ALLSKOG NN skogeigarlag. På vilkår av at den endringa vert vedteken i ALLSKOG SA sitt årsmøte i 2020 gjer NN skogeigarlag vedtak om følgjande endring i samsvar med § 10 i eigne vedtekter:*

*NN skogeierlag sluttar seg til dei til einkvar tid gjeldande vedtekter i ALLSKOG SA. Laget sine noverande vedtekter opphøyrer frå same tid. Dato for skiftet vert fastsett av ALLSKOG SA.*

Alternativ 2, tekst i vedtaket:

*ALLSKOG SA sine vedtekter § 10 er foreslått endra slik at andelseigarområdet vert organisert som eit ALLSKOG NN skogeigarlag. På vilkår av at den endringa vert vedteken i ALLSKOG SA sitt årsmøte i 2020 gjer NN skogeigarlag vedtak om oppløysing av laget i samsvar med vedtektene sin § 12. Endeleg oppløysing av laget vert først gjeldande etter nytt vedtak i førstkomande ordinære årsmøte.*

